

G J E S T E B U D : S E N T R U M S P L A N F O R N Å R B Ø

# RAPPORT FRÅ MEDVIRKNINGSMODELLEN GJESTEBUD



# INNLEIING

## Kva er gjestebudsmodellen?

Gjestebudsmodellen handlar om at ein person registrerer seg som gjestebudsvert. Gjestebudsverten må så invitera personar vedkommande sjølv vil ha med seg, og arrangerar ei gjestebudsamling på om lag 2 timer med desse. Samlingane kan arrangerast kor som helst, men det er ein fordel om det ber preg av låg terskel for å koma til ordet, og trygge forhold.

Kommunen sender ut materiell til gjestebudsamlingane som deltakarane går gjennom og nyttar som diskusjonstema. Her er ulike oppgåver og diskusjonstema som deltakarane kan gå gjennom i samlingane, med tema som er relevant for kommunedelplanen. Gjestebudsverten har ordstyrarrolle, og har ansvar for å sende inn oppsummering av diskusjonen til kommunen i etterkant.

Nærø sentrum - fin eller fælt?

## – Nærø er ein triveleg plass

Meir samanhengjande sentrum, heilskaplege planar, aktivitetar og kanskje ein kino. Nærøbuen engasjerer seg for sitt eige sentrum.



MEIR SAMAN: Terje Sævåg etterlyser ei meir samanhengjande sentrum. FOTO: Jorunn Erga Steinsland

Utklypp frå artikkel i Jærbladet

## Kvifor er denne modellen brukt?

Nærø sentrum har vore gjenstand for diskusjon i mange år, med mange sterke meininger om kva som bør gjerast. I arbeidet med kommunedelplanen for Nærø sentrum ville kommunen derfor involvera flest mogleg innbyggjarar frå starten av.

Gjestebud vart valgt som medverknadsmodell, etter inspirasjon frå Svelvik kommune som hadde hatt tilsvarande medverknadsarbeid med godt resultat. Intensjonen var å la folk som vanlegvis ikkje syns det er vits i å gå på folkemøter eller sende inn egne innspel til kommunale planprosessar, eller ikkje har høg nok stemme til å bli hørt med sine synspunkt, til å vere med og bidra med sine meininger i ein tryggare og meir uformell setting.

Alle som vil kan vere gjestebudsvertar, både næringslivsaktørar, vennegjengar, idrettslag og andre. Det er også viktig at kommunen engasjerar utsette grupper med spesielle behov.

Intensjonen med gjestebudsmodellen har også vore eit forsøk på å få folk til å samlast om kva som bør gjerast i Nærø sentrum. Det er ikkje nok å berre pynta på eit par fasadar for å få Nærø sentrum til å fungera og vera meir attraktivt. Noko av det viktigaste er å knytta sentrum saman og få ein betre heilheit. Derfor har det vore viktig å etablera eigarskap og forankring hjå innbyggjarar og politikarar til løysningar tidlig i prosessen, ved å gå gjennom tema som tidligare har vore kontroversielle.

## Korleis vart gjestebudsmodellen gjennomført?

Fleire privatpersonar meldte seg som gjestebudsvertar, mens fleire kommunale gjestebudsvertar med sine ansvarsområder innanfor helse og kultur vart engasjert. Det var open påmelding til å vera gjestebodsvert, og totalt 21 personar meldte seg som vert, der kvar av dei samla opp til 8 personar på kvart av gjesteboda.

Det vart gjennomført to gjestebud, med påfølgande verkstedssamlingar. Tema for det første gjestebudet var "Visjon og identitet", og vart gjennomført i oktober 2016. Påfølgande verkstad vart halden på Bø skule 7. februar 2017.

Det andre gjestebudet med tema «Bygningsmiljø og møteplassar» vart gjennomført i mars/april 2017. Påfølgande verkstad vart halden på Bø skule 9. mai 2017.


7. juni vart alle deltakarane i gjestebuda inviterte til middag på Kafé Jærbuen. Her vart også framtidsbileta utarbeida av arkitektkontoret MAD presentert.

# GJENNOMFØRING


## **Visjon og identitet**

I det første gjestebodet med tema "Visjon og identitet", fekk deltakarane i oppgåve å gå ei rute med stoppestadar i Nærø sentrum. Vedlagt var eit ark med ulike stikkord for kvar stoppestad, som hjelpt til deltakarane for å få ei felles forståing og diskusjonsgrunnlag for situasjonen til seinare.

Dei kunne etterpå diskutera kva som er særeige med Nærø, korleis dei synes Nærø skulle vere i framtida, og kome med forslag til visjon.



## Gangrute for gjestebudsdeltagarane



## *Innspel frå gjestebudet "Visjon"*

Etter gjestebudssamlinga vart det invitert til åpen verkstad på Bø skule med tema ”Visjon”. Politikarar, gjestebudsdeltarar, næringsaktørar og administrasjonen deltok her. I verkstaden diskuterte gjestebudsdeltararane innspela sine i inndelte grupper, med politikarar og administrasjon som gruppeleiarar.



*Gruppeleiarane presenterte så diskusjonane i plenum på slutten av verkstaden*

## **Oppsummering av verkstaden**

Det vart diskutert mange forslag i oppsummeringssrunden. Det var flere ting dei fleste gruppene var samde om, til dømes :

- Binda nord og sør meir saman
  - Meir aktivitet og publikumsretta funksjonar ved Torget
  - Mindre biltrafikk i sentrumskjerne
  - Fleire møteplassar

Det vart også diskutert forslag til visjon, og kor viktig det er å ha ein visjon som kan vere førande i utforminga av sentrum, på både eit overordna - og meir detaljert nivå.

Oppsummering fra visjonsverksted på Nærø, 07. februar 2017

1. Nærbø – hjertet på Jæren
  2. Nærbø – midt i matfatet på Jæren
  3. Stikkord til visjon: levande, ting skjer, folk møtes, "relasjoner" på jærsk, møteplassen, aktivitet, trivsel, det fargerike matfatet på Jæren
  4. Nærbø – i sentrum for aktivitet og trivsel (x2)
  5. Nærbø – trivsel i sentrum
  6. Diskuterte "kom innføre" men landet ikke... (her er det trygt og godt å være, også for barna)

## *Ulike forslag til visjon for Nærbo sentrum*



## Kartskisse frå ei av gruppene



## Bygningsmiljø og møteplassar

I det andre gjestebod med tema "Bygningsmiljø og møteplassar", gjekk deltarane i gjennom og svarte på ulike tilsendte spørsmål for den vidare sentrumsplanlegginga. Tema for spørsmåla var bumiljø, møteplassar, tryggleik, estetikk, sambruk og lokalisering av funksjonar mellom anna.

Det kom inn fleire innspel på sambruk av ulike funksjonar som bibliotek, kafé, helsetenestar kultur og handel. Ein fellesnevnar som gjekk igjen var innandørs møteplassar som ikkje kun var kommersielle.

### Sambruk og lokalisering av funksjonar

Felles funksjonar er viktige å nyta for å få aktivitet inn i eit sentrum. Om dei vert liggande spredt, med lange avstandar mellom seg, går ein glipp av positive effektar som kan oppstå om dei lokaliserast meir sentralt. Dette handlar også om sambruk av tid, det vil vere meir attraktivt å reise ein plass der mange funksjonar er samla. Vidare kan ein tenka seg sambruk av funksjonar i sentrum; ein barnehage eller skule med uteareal som også kan nyttast som offentleg park, eit helsecenter der ein istadenfor eigen kantine for personalet har ein inviterande kafé alle kan nyta. I sistnemte eksempel vert effekten blant anna at dei kommunalt ansette kan bidra til å skapa aktivitet i eit sentrumsområde.

Det er eit viktig poeng å tenka at funksjonar må venda seg utover, bidra til aktivitet utanfor seg sjølv, gjerme saman med andre funksjonar, og fungera både for seg sjølv og med omgjevnadane.

14. Har dykk tankar om eksisterande funksjonar på Nærø som kan forbetraast ved ny plassering og/eller sambruk med andre funksjonar?
15. Har dykk tankar om nye funksjonar som kan plasserast i Nærø sentrum, og som bidreg til aktivitet?

#### SØLVBERGET, STAVANGER BIBLIOTEK OG KULTURHUS

Sambruk av funksjonar, ikkje-kommersiell møteplass, klimatisert, kveldsåpen og offentleg "gate" i første etasje.



Utdrag frå tilsendt materiale til gjestebudet



Andre eksempel på sambruk av funksjonar:

- Kulturskule, bibliotek og konferansesenter.
- Skule og samfunnshus.
- Idrett og trim-funksjonar i sentrum, her starter turvegar som går vidare ut av sentrum.
- Bufelleskap for folk som kan ha glede og nytte av kvarandre, for eksempel einslige forsørgarar og eldre.
- Eldreheim og barnehage

## Kva treng Nærø sentrum?

Vedlagt kart viser Nærøs sentrumsareal avsett i kommuneplanen, der dei gule felta viser dagens parkeringsareal.

Her får dykk i oppgåve å diskutere korleis eit meir kompakt Nærø sentrum kan vere, kva funksjonar som er viktige å ha med - både offentlege og private, og kva som ikkje er fullt så viktig i eit sentrum.

Viktige punkt å tenka på kan vere:

- Adkomspunkta til sentrum er utsøydelege
- Attraktive funksjonar i sentrum er plassert eit stykke i gangavstand frå einannan
- Det er eit relativt lågt aktivitetsnivå i sentrum om ein ser vekk frå biltrafikk
- Store delar av sentrums areal vert brukt som parkeringsplass

Hensikta med denne oppgåvene er å få meir medvitt rundt kor stort eit sentrum skal vere, kva funksjonar det skal innehalda, og kva som ikkje er viktig å ha med.


### Praktiske oppgåver:

1. Marker på kartet kor dykk meinar dagens eksisterande tyngdepunkt er. Diskuter kva som gjer at dykk meinar dette.

2. Marker eit område på kartet som i storleik er opptil ein tredjedel av dagens sentrumsavgrensing, rundt dette tyngdepunktet. Diskuter kva som er viktig å få inn av funksjonar i dette arealet, for at det skal fungera som eit attraktivt og aktivt Nærø sentrum.

Figurane til venstre er omriss av stadar og bygg frå flyfoto. Nokon av desse er kjende for mange av dykk, og kan vere til hjelp for å betre sjå kva dimensjonar som trengs for å sjå føre seg eit godt sentrumsområde. Klypp dei gjeme ut og bruk dei i diskusjonen, desse er i same skala som kartet.

(Dette arket må printast ut i A4, kartet printast ut i A3 for rett skala.)



Solberget kulturhus,  
Stavanger. Ca. 3300 m<sup>2</sup>.  
Eit kulturhus med bibliotek,  
kino, kafe og anna.



Arneageren, torg foran  
Selvberget kulturhus.  
Ca. 850 m<sup>2</sup>. Eit intimt torg  
med ulike publikumsretta  
funksjonar.



Brumunddal torg. Ca. 1300  
m<sup>2</sup>. Eit velfungerande torg  
med ulike publikumsretta  
funksjonar.



Bryne torg. Ca. 2200 m<sup>2</sup>. Eit  
stort torg med ganske få publi-  
kumsretta funksjonar rundt.





Hå kulturtorg, Nærø. Ca. 600  
m<sup>2</sup>.



Nærø bibliotek  
Ca. 1200 m<sup>2</sup>.

## Utdrag frå tilsendt materiale til gjestebudet



Innsendt kart frå gjestebuda over framtidas tyngdepunkt i sentrum

## Store byrom er ikke nødvendigvis gode byrom



Møteplass

Samanheng

Identitet

I verkstaden med tema «Bygningsmiljø og møteplassar» vart det diskutert funksjonsblanding på torget/torget som møteplass, nytt liv i gamle sentrum og tett/ låg busetnad i sentrum. Deltakarane vart delte inn i grupper, der det vart diskutert innspel frå gjesteboda , og gruppene presenterte oppsummeringane sine i plenum. Arkitektkontoret MAD heldt foredrag, og forberedte utarbeiding av framtidsbilete basert på oppsummeringa av innspela og verkstaden. Intensjonen med framtidsbileta var å vise viktige framtidsscenario om korleis sentrum kan verta sjåande ut i framtida, for å gje grunnlag for meiningsfulle diskusjonar.

## Torget som møteplass

- Flytte påtent kommunale funksjoner og kulturtildel til torget
- Blanding av offentlige funksjoner og private som bidrar til arbeidsplasser og liv.
- Man ønsker liv på torget, med gode grøntområder, med ulik størrelse.
- Torget er en viktig kobling av Nærøysentrum
- Jernbaneundergangen virker utsmykket
- Utscene/amfi.
- Dele opp torget mer enn det er i dag.
- Det bør skje noe på torget i forbindelse med tilliggende funksjoner hver lørdag.
- En bør koble torget til identitetsmarkører som Hå Gamle Prestegård og Jærmuseet.



## Er det møteplassar i dagens sentrumsområde dykk syns fungerar godt?

- a. Sitteplassar utanfor Narvesen og Marino
- b. Til dels torgplassen
- c. Holdeplassen pub
- d. Torget har potensial med meir aktivitetar, og fjerning av gatekjøkken- og taxibrakker



*Utdrag frå MADs foredrag*

## Oppsummering av verkstaden

For å danna bakgrunn for framtidbileta, vart det oppsummert fleire punkt frå diskusjonane under tre hovudtema:

1. Funksjonsblanding på torget/torget som møteplass
2. Nytt liv i gamle sentrum
3. Tett/låg bebyggelse i sentrum

Framtidsbileta vart så presentert av MAD den 7. juni på Kafé Jærbuen.



Framtidsbilete 1 : Flyfoto over ny sentrumskjerne



Framtidsbilete 2 : Ny stasjonsutforming med nye funksjonar



Framtidsbilete 3 : Aktivisering av torg og park

# REFLEKSJONAR

## Kva fungerte bra med denne medverknadsmetoden? Kva kunne blitt gjort betre?

Det var fleire tilbakemeldingar på at gjestebuda var nytig for å skapa engasjement, eigarskap og kjennskap til byplanlegging. Innbyggjarar fekk ytra seg innanfor trygge ramar, noko som kan bidra til at det er lettare for mange å engasjera seg.

Informasjon frå innbyggjarar om korleis dei nyttar sentrum og kva som er viktig å videreføra, er veldig nyttig i ein slik prosess.

Ved å samla innbyggjarar, politikarar og næringsaktørar i verkstadar der diskusjon og samarbeid er sentrale element, oppnår ein også ein lågterskel-dialog mellom partar som vanlegvis ikkje snakkar så mykje saman om konkrete samfunnstema. Det er positivt å snakka saman ansikt til ansikt, då det ofte gjer felles forståing mellom ulike partar om viktige plangrep.

Når folk har fått moglegheit til å bidra i ein slik prosess, har det skapt engasjement, som igjen har skapt ei forventning om tilsvarande prosesser i andre sentrumsplanar i Hå kommune.

For å halde oppe engasjementet, burde det blitt gjort flerie konkrete mindre tiltak som eit direkte resultat frå gjestebudinnspele. På den måten hadde det vist at engasjementet gav raske resultat. For eksempel opparbeiding av ein park, møteplass og liknanade.

I ein slik omfattande medverknadsprosess, er det også veldig viktig at deltagarar vert frå starten av oppmerksame på kva som kan gjes innspel til. Vert det politisk vedteke prosjekt parallelt med medverknadsarbeidet, som deltagarane ikkje kan vere med å påvirke, kan dette føra til frustrasjon og undergraving av heile prinsippet, med mogleg utmelding av medverknadsarbeidet som resultat.